



Innst. S. nr. 86

(2008–2009)

Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen

St.prp. nr. 27 (2008–2009) kap. 340, 341, 3340 og 3341

Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Kultur- og kyrkjedepartementet

Til Stortinget

SAMANDRAG

Proposisjonen inneheld ulike framlegg til justeringar av løyvingane under Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett, mellom anna kapittel som gjeld Den norske kyrkja.

Kap. 340 og 3340 Kyrkjeleg administrasjon

Demokratireforma

Departementet viser til at Opplysningsvesenets fond skal dekkje utgifter knytte til innføringa av demokratireforma i Den norske kyrkja. Inntektene til Kyrkjerådet blir m.a. som følgje av dette høgare enn venta. Dei samla inntektene i 2008 er venta å bli om lag 17,8 mill. kroner. Dette er 7,5 mill. kroner høgare enn budsjettert. Meirinntektene skal dekkje tilsvarende meirutgifter.

Departementet foreslår derfor at løyvinga i 2008 under kap. 3340 post 1 Ymse inntekter blir auka med 7,5 mill. kroner og at driftsutgiftene under kap. 340 post 1 blir auka tilsvarende.

Nytt medlemsregister

Departementet viser til at Opplysningsvesenets fond skal dekkje utgifter i samband med nytt medlemsregister i Den norske kyrkja. Oppdragsinntektene blir m.a. som følgje av dette høgare enn venta. Dei samla inntektene i 2008 er venta å bli om lag 34,2 mill. kroner. Dette er 18 mill. kroner høgare enn budsjettert.

Departementet foreslår å auke løyvinga i 2008 under kap. 3340 post 2 Inntekter ved oppdrag med 18 mill. kroner og ei tilsvarende auke av dei særskilde driftsutgiftene under kap. 340 post 21.

Kap. 341 og 3341 Presteskapet

Inntektene frå refusjonar og eigendelar ved ulike samlingar, etterutdanningskurs m.m. blir høgare enn venta. Dei samla inntektene i 2008 er venta å bli om lag 16,6 mill. kroner. Dette er 4 mill. kroner høgare enn budsjettert og gjeld i hovudsak refusjon av utgifter frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet i samband med gjennomføring av forsøk med redusert arbeidstid for prestar. Meirinntektene skal dekkje tilsvarende meirutgifter.

Departementet foreslår å auke driftsutgiftene under kap. 340 post 1 med 4 mill. kroner for 2008 og ei tilsvarende auke av kap. 3341 post 1 Ymse inntekter.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Freddy de Ruiten, Gorm Kjernli, Gerd Janne Kristoffersen, Anna Ljunggren og Torfinn Opheim, frå Framstegspartiet, Anders Anundsen, Jon Jæger Gåsvatn og Åse M. Schmidt, frå Høgre, Gunnar Gundersen og leiaren Ine Marie Eriksen Søreide, frå Sosialistisk Venstreparti, Åsa Elvik og Lena Jensen, frå Kristeleg Folkeparti, Dagrun Eriksen, frå Senterpartiet, Inger S. Enger, og frå Venstre, Odd Einar Dørum, viser til at budsjetterte inntekter under kap. 3340 post 1 er foreslått økt med 7,5 mill. kroner. Bakgrunnen for det reviderte budsjettanslaget er at inntektene for bispedømmerådene og Kirkerå-

det, basert på virksomhetenes egne prognoser ved regnskapsrapportering pr. 31. august 2008, forventes å bli høyere enn forutsatt, og at 1,6 mill. kroner overføres fra Opplysningsvesenets fond til dekning av utgifter i forbindelse med demokratireformen i 2008.

Komiteen viser til at økte inntekter som virksomhetene genererer kan nyttes til økt forbruk, derfor er også bevilgningen under kap. 340 post 1 økt tilsvarende.

Komiteen viser til at det foreslås å bruke midler fra Opplysningsvesenets fond for å finansiere noen utgifter til demokratireformen i 2008. Dette gjelder kun 1,6 mill. kroner for dekning av utgifter i 2008. Komiteen viser videre til at ca. 5 mill. kroner til demokratireformen er innarbeidet i forslaget til statsbudsjett for 2009. Komiteen viser videre til at økonomiske og administrative sider ved demokratireformen vil bli gjennomgått nærmere i forbindelse med framleggelse av lovproposisjonen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre vil advare mot å tappe fondet for ulike midler til å dekke inn ulike tiltak. Fondet står overfor store finansielle utfordringer knyttet til den pågående finanskrisen, og regjeringspartiene har vedtatt å pålegge fondet å selge festede tomter til privatpersoner til langt under markedspris. Samtidig er det et stort behov for å pusse opp de mange presteboligene som fondet forvalter. Disse medlemmer konstaterer at Regjeringen ikke evner å prioritere Den norske kirke innenfor den ordinære budsjettbehandlingen, men må bruke av fondets midler for å løse kirkelige oppgaver. Disse medlemmer er redd Regjeringens samlede forvaltning av fondet vil kunne få store negative følger for fondets bæreevne over tid og for kirkelige aktivitet.

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen viser til proposisjonen og råar Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
340		Kyrkjeleg administrasjon	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 141 059 000 til kr 148 559 000	7 500 000
	21	Særskilte driftsutgifter, blir auka med frå kr 16 240 000 til kr 34 240 000	18 000 000
341		Presteskapet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 792 591 000 til kr 796 591 000	4 000 000
Inntekter			
3340		Den norske kyrkje	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 10 285 000 til kr 17 785 000	7 500 000
	2	Inntekter ved oppdrag, blir auka med frå kr 16 240 000 til kr 34 240 000	18 000 000
3341		Presteskapet	
	1	Ymse inntekter, blir auka med frå kr 12 578 000 til kr 16 578 000	4 000 000

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 1. desember 2008

Ine Marie Eriksen Søreide

leiar

Dagrun Eriksen

ordførar